

Foreslår at fiskarane kan utnytte fordelane ved ny uføretrygd

Nærings- og fiskeridepartementet har i dag sendt på høyring eit forslag som skal gjere det enklare å kombinere fiskaryrket og uføretrygd.

- Ny uføretrygd som tredder i kraft 1. januar skal gjere det enklare å kombinere arbeid og uføretrygd for dei som har høve til det. Forslaget inneber at fiskarar langt på veg vil kunne utnytte fordelane ved den nye uføretrygda på same måte som andre yrkesgrupper, seier fiskeriminister Elisabeth Aspaker.

I høyringa ligg det også forslag om andre endringar i manntalsforskrifta og ervervsløyveforskrifta. Desse forslaga gjeld mellom anna forskriftsfesting av forvaltningspraksis. Dette vil gjere regelverket meir tilgjengeleg og føreseieleg for næringsaktørane.

Pressekontakt:

Pressevakten i Nærings- og fiskeridepartementet, tlf 902 51 303 (ikke sms), media@nfd.dep.no

[Abonner på pressemeldinger og nyheter fra NFD her.](#)